



Til deg som er verje

INNSENDING AV VERJEREKNESKAP FOR 2022

Du er registrert som verje med rekneskapsplikt. Det betyr at du skal sende inn verjerekneskap til Statsforvaltaren for ditt/dine verjemålsoppdrag der du har rekneskapsplikt.

Frist for innsending av rekneskapen er 30. april 2023.

I dette brevet finn du viktig informasjon om levering av verjerekneskapen for 2022. Vi ber difor om at du les nøye gjennom heile brevet.

DETTE MÅ DU SENDE INN

Som verje plikter du å sende inn følgjande dokument for kvart verjemål med rekneskapsplikt:

1. Fullstendighetserklæring (skjema GA-8042).

- Du må svare på alle punkt i skjemaet, elles vert ikkje fullstendighetserklæringa godkjend.
- Skjemaet kan ikkje fyllast ut før du har hjelpt verjehavar med å levere skattemeldinga for 2022.
- Du må føre opp alle bankkontoar som verjehavar har, og kven som har disposisjonsrett til desse.
- Skjemaet finn du på [Skjema \(sivilrett.no\)](https://www.sivilrett.no). Vel skjema nr. 3.
- Dersom du sender inn fullstendighetserklæringa på papir, må du føre på dato og signatur

2. Kontoutskrifter

- Kopi av kontoutskrifter for **alle kontoane du har, eller har hatt, disposisjonsrett til** i verjemålet.
- Du skal sende inn kontoutskrifter for **alle månader** du har vore verje i perioden 01.01.2022 til 31.12.2022.
- Du skal sende inn kontoutskrifter for kvar måned *sjølv om det ikkje har vore bevegelse på kontoen*. Alternativt må det leggjast fram dokumentasjon frå bank eller nettbank på at det ikkje har vore bevegelsar på konto.
- Kontoutskriftene må vere i banken sitt eige format, slik du får det frå banken/hentar det frå nettbanken. Du kan ikkje kopiere til Word, Excel eller liknande.
- Det er ikkje tilstrekkeleg å sende inn transaksjonsoversikt frå konto/nettbank.
- Alle transaksjonar som ikkje er sjølvforklarande, må forklarast på kontoutskriftene, i pkt. 5.11 i fullstendighetserklæringa eller som eit eige vedlegg



Statsforvalteren i Vestland

Informasjon om krav til kontoutskriftene finn du her: [Vergemål \(sivilrett.no\)](https://www.fylkesmannen.no/vergemal)

Du treng ikkje sende inn kopi av verjehavar si skattemelding. Du skal framleis hjelpe verjehavar med kontroll, eventuelle endringar og innsending av skattemeldinga til Skatteetaten.

SLIK SENDER DU INN DOKUMENTA

Statsforvaltaren ber om at du sender inn verjerekneskapen digitalt via Altinn:

- Fyll ut skjema for «Fullstendighetserklæring»: [Altinn - Fullstendighetserklæring \(Årlig erklæring om regnskap og formuesforvaltning\)](https://www.altinn.no/vergemal)
- Legg ved aktuelle vedlegg som skildra ovanfor.
- Du kan også gå inn på skjemaet via www.altinn.no og velje tema «Vergemål» under «Skjema og tjenester».

Dersom du vel å sende per post gjer du følgjande:

- Send alle dokumenta samla i ein konvolutt til adressa som står nedst i dette brevet.

NYTTIG INFORMASJON

- Ei verje skal som hovudregel ikkje disponere meir enn inntil kr 222 954,- (2G) på vegner av verjehavar. For nærare informasjon om dette, sjå [Vergemål \(sivilrett.no\)](https://www.fylkesmannen.no/vergemal)
- Du skal oppbevare alle kvitteringar og bilag knytt til verjemålet i minst tre år. *Kvitteringar og bilag skal ikkje sendast til Statsforvaltaren.*
- Eventuelle søknader om Statsforvaltaren si godkjenning, førespurnader, godtgjeringskrav, mv., må sendast i separat sending og ikkje leggjast ved verjerekneskapen.
- Meir informasjon om innsending av verjerekneskap og utvida rekneskapsplikt finn du på [Vergemål \(sivilrett.no\)](https://www.fylkesmannen.no/vergemal)

Fristen for innsending er 30. april 2023. Vi gjer merksam om at mangelfull levering av verjerekneskap innan fristen kan få konsekvensar for ditt verv som verje, som til dømes oppretting av tilsynssak og byte av verje.

SPØRSMÅL TIL INNLEVERINGA

Viss du ikkje finn svar på spørsmåla dine på nettstaden vår, kan du ta kontakt med verjemålsseksjonen på telefonnummer 55 57 23 00. Vår telefontid er måndag-onsdag kl. 12.00-14.00. Du kan også sende oss spørsmål via «Sikker melding til Statsforvaltaren», sjå lenke nedst i dette brevet.

Vedlagt finn du informasjon frå Digitaliseringsdirektoratet om endringar i MinID for verjer.

Med venleg helsing

Statsforvaltaren i Vestland v/ verjemålsseksjonen

E-postadresse:
fmlvpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse vergemålsseksjonen:
Postboks 7310
5020 Bergen

Besøksadresse:
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Njøsavegen 2, Leikanger

Telefon: 55 57 20 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665

Til verger

Nå blir det en ny måte å bestille MinID på

MinID gjennomgår i disse dager en modernisering som påvirker hvordan du kan bruke løsningen. Den største endringen er at PIN-koder fases ut, og at man må benytte seg av MinID app eller engangskoder på SMS for de som fortsatt bruker PIN-koder. Grunnen til at PIN-kodene fases ut er at de ikke tilfredsstillter kravene til en eID i lov om elektroniske tillitstjenester.

Digdir sluttet å sende ut nye PIN-kodebrev til MinID i månedsskiftet september/oktober. Allerede utstedte PIN-koder vil fortsatt kunne brukes til innlogging frem til 1. Januar 2023.

MinID er en tofaktor-løsning, som betyr at man må bruke to faktorer for å logge inn til en tjeneste. Den ene faktoren er et selvvalgt passord. Den andre faktoren kan brukeren velge selv, og har frem til nå vært en engangskode man mottar på SMS eller en pinkode fra PIN-kodebrevet. Pinkodene er en svak sikkerhetsmekanisme og ivaretar ikke de kravene til sikkerhet som MinID må oppfylle. Disse skal derfor avvikles. Brukere som i dag bruker pinkoder, må derfor ta i bruk enten engangskoder på SMS eller den nye MinID appen.

Oppsett av engangskode på SMS gjøres via ID-porten

- Gå til denne adressen: <https://brukerprofil.difi.no/minprofil/minid/>
- Velg innloggingsmetode og logg inn
- Velg "Kode på SMS". Legg inn mobilnummer dersom det ikke er lagt inn fra før.
- Neste gang du logger på med MinID vil du motta engangskode på SMS.

MinID appen lastes ned fra Google Play eller Apple store.

- Gå til Google Play eller Apple Store og søk opp «MinID App»
- Last ned appen
- Logg inn i appen, og husk å godta at appen får tilgang til varslinger.
- Neste gang du logger inn med MinID vil du få et pushvarsel på telefonen. Bekreft dette ved hjelp av fingeravtrykk, ansiktsgjenkjenning eller personlig PIN tilknyttet din telefon

For spørsmål eller mer informasjon om MinID, besøk gjerne hjelpesidene våre på eid.difi.no eller ta kontakt med oss på e-post (brukerstotte@digdir.no) eller telefon (80030300).

Bruker du MinID som verge?

Dersom du bruker MinID som verge har du på ett tidspunkt sendt inn en vergefullmakt til Digitaliseringsdirektoratet. Dette trenger du ikke gjøre på nytt dersom du allerede har en bruker på vergehaver. Dersom du ikke allerede bruker SMS ved innlogging så må du sette det opp som beskrevet overfor.

Vennlig hilsen
Digitaliseringsdirektoratet